

# Strategi 2025-2029

Strategi 2025-2029

K  
O  
R  
O



Iver Jåks: Sol og vind (1996). Samisk nasjonalteater  
Beaivváš og Samisk vidaregåande skule og  
reindriftsskule i Kautokeino, 2024. © Iver Jåks / BONO.  
Foto: Lars Petter Pettersen, for Snøhetta/Statsbygg

# Innhold

<b>KOROs strategi 2025-2029 .....</b>	<b>2</b>
I <b>Kva er KORO?.....</b>	<b>2</b>
II <b>Kva gjer KORO? .....</b>	<b>2</b>
III <b>KORO sitt samfunnsoppdrag .....</b>	<b>2</b>
IV <b>Samfunnsanalyse og målformuleringar .....</b>	<b>3</b>
1.    Kunstnarisk ytringsfridom.....	3
2.    Kunst for fellesskapet.....	3
3.    Representativitet og synlegheit.....	4
4.    Kunstnarkår.....	4
5.    Kunstsamling og kunnskapsutvikling .....	4
6.    Fagmiljø .....	5

# KOROs strategi 2025-2029

## I Kva er KORO?

KORO er staten sitt fagorgan for kunst i offentlege rom, og er ein etat under Kultur- og likestillingsdepartementet. KORO sitt kunstfaglege arbeid er underlagt prinsippet om armlengds avstand.

## II Kva gjer KORO?

Tilgangen til frie kunstnariske ytringar er avgjerande for eit inkluderande samfunn med rom for usemje og meiningsmangfald. KORO er ein pådrivar for å styrkje ein open og opplyst offentleg samtale, og arbeider for at frie kunstnariske ytringar skal spele ei sentral rolle i utforminga av dei offentlege fellesromma våre.

Gjennom tre kunstordningar og eigeninitierte prosjekt produserer og finansierer KORO kunst på offentlege arenaer over heile Noreg og ved norske konsulat og ambassadar i utlandet. Dette inneber at KORO forvaltar og formidlar ei stor, desentralisert kunstsamling som er tilgjengeleg der folk ferdast og oppheld seg, og som er kjenneteikna av at verka står i eit sterkt, gjensidig forhold til omgjevnadane sine og publikummet sitt.

Som nasjonalt fagmiljø for kunst i offentlege rom gjev KORO faglege råd til andre offentlege aktørar på feltet, og er ein pådrivar for metodikk og praksis som sikrar at kunstnarar og kuratorar over heile landet har gode og føreseielege arbeidsvilkår. I tillegg bidreg KORO med kunnskapsutvikling på fagfeltet gjennom konferansar, seminar og publikasjonar.

## III KORO sitt samfunnsoppdrag

KORO sikrar at flest mogleg skal kunne oppleve kunst av høg kvalitet i offentlege inne- og uterom over heile landet. KORO skal også bidra til å utvikle samtidskunsten, og til å gje kunstnarane oppdrag og inntekter.

# IV Samfunnsanalyse og målformuleringer

## 1. Kunstnarisk ytringsfridom

Utgreiinga frå Ytringsfridomskommisjonen (NOU 2022: 9) slår fast at frie kunstnariske ytringar ligg i kjernen av det føresegne om ytringsfridom er meint å verne om. Staten pliktar ikkje berre å tillate frie ytringar, men å leggje aktivt til rette for at slike ytringar kan finne stad. KORO arbeider for sjølvstendet til kunsten og skal formidle kunnskap om kva kunsten har å seie for enkeltmennesket, demokratiet og samfunnslivet. Innanfor vårt eige fagfelt er spennet mellom kunstnarisk autonomi og stadleg involvering særleg aktuelt: Meiningsfull involvering er ein premiss for utviklinga av kunstprosjekt i offentlege rom. Samstundes skal den kunstnariske ytringsfridomen varetakast.

- a) KORO skal arbeide for at kunstnarar og kuratorar kan produsere kunstnariske ytringar utan å risikere sensur eller sanksjonar.
- b) KORO skal vidareutvikle modellar for mottakarinvolvering som samstundes hegnar om kunstnarisk autonomi.
- c) KORO skal omsetje kunnskapen sin på dette feltet som rådgjevar for andre offentlege kunstprodusentar og oppdragsgjevarar.

## 2. Kunst for fellesskapet

Kultur bidreg til opplevingar av fellesskap, og KORO sitt oppdrag handlar om å skape kunstmøte der folk ferdast. Samstundes utgjer ikkje dei statlege verksemndene møtestadar på same måte som før: Tenester som tidlegare var baserte på fysiske møte, har vorte digitaliserte, og store offentlege arenaer som universitet, sjukehus og departementsbygg er underlagde strengare inngangskontroll. Det vert stadig viktigare for KORO å prioritere arenaer der kunsten kan fylle viktige funksjonar for eit større fellesskap. Samstundes må verk som allereie er i samlinga, verte gjort tilgjengelege for eit større publikum, både fysisk og gjennom digitale formidlingskanalar.

- a) KORO skal arbeide for at kunsten vert teken omsyn til tidleg i byggjeprosessen, og sikre plasseringar av kunsten som gjer at flest mogleg får tilgang til han.
- b) KORO skal styrke tilbodet om rådgjevings- og produksjonsbistand for å bidra til gjennomføringa av kunstproduksjonar i offentlege rom.
- c) KORO skal arbeide for at verk i samlinga møter eit større publikum gjennom tettare dialog med mottakarane og fleire utlån til utstillingsføremål.
- d) KORO skal utvikle formidlingsstrategiar som skapar engasjement, interesse og medeigarskap hos eit breitt publikum.

### **3. Representativitet og synlegheit**

Kunstfeltet er ein viktig samfunnsarena for mangfold og møte mellom ulike kulturar og grupper, og KORO arbeider for å utvide tilfanget av røyster og historier i offentlege rom. KORO har i tillegg ansvar for at prosessar knytte til kunst i offentlege rom vert utvikla, leidde og utførte av menneske med ulik kompetanse og bakgrunn.

- a) KORO skal vektleggje kulturelt mangfold og representativitet i fordelinga av eksterne kunstnar- og kuratoroppdrag og i rekrutteringa til KORO sin eigen organisasjon.
- b) KORO skal bidra til at kunsten i det offentlege rommet skapar og gjer tilgjengeleg forteljingar om mangfold, gjennom både nyproduksjon og formidling av eksisterande verk i samlinga.
- c) KORO skal styrke samarbeidet med grupper som bidreg til mangfold, inkludert urfolk og nasjonale minoritatar, i arbeidet med utvikling av nye prosjekt og varetaking av eksisterande verk.

### **4. Kunstnarkår**

KORO sine kunstnarpolitiske oppdrag vert utøvde gjennom kuratering og produksjon, utdeling av tilskot og god forvalting og formidling av kunstverk i samlinga. Ein annan viktig del av dette arbeidet er kunnskapsdeling, kompetanseheving og rådgjeving til andre aktørar innanfor fagfeltet. Gratisarbeid, underbetaling og därlege rammevilkår er framleis ei utfordring for mange sjølvstendig næringsdrivande kunstnarar. KORO har eit særleg ansvar for å utvikle rammeverk som møter behovet til aktørane, og som sikrar reelt kunstnarisk handlingsrom og gode og føreseielege arbeidsvilkår for kunstnarar og kuratorar.

- a) KORO skal bidra til utviklinga av eit overordna «verdiprinsipp» for Kunstfeltet i tråd med tilrådingane i stortingsmeldinga «Kunstnarkår» (2022-2023).
- b) Metodikken og rammeverket til KORO skal vidareutviklast med utgangspunkt i eit kunst- og kunstnarperspektiv, og saman med erfaringar og kunnskap frå enkelprosjekt skal dette arbeidet kome heile feltet til gode.
- c) KORO skal styrke dialogen med relevante kunstaktørar på regionalt nivå og utvikle nettverk og samlingspunkt for å leggje til rette for erfaringsutveksling og kompetansedeling.

### **5. Kunstsamling og kunnskapsutvikling**

KORO har produsert kunst sidan 1977 og forvaltar i dag ei stadig veksande samling av kunst i offentlege rom. Samlinga dokumenterer historia til verksemda, sentrale verk og kunstnarskap frå norsk og internasjonal kunsthistorie, og fleire tiår med kuratorpraksis. 50-årsmerkinga i 2027 er ein god stad å byrje undersøkinga av KORO si

sentrale rolle i utviklinga av kunstfeltet sidan oppstarten. Samstundes skal vi vere ein synleg pådrivar for nytenking og fagleg vidareutvikling på feltet og utvikle kunnskapsprosjekt som er relevante for aktørane på feltet, som ein løpende del av kjerneoppgåvene våre, gjennom eigeninitierte prosjekt og i samarbeid med andre.

- a) KORO skal styrke plassen som samlinga har i offentlegeita, ved å utarbeide ein heilskapleg plan for det fulle krinsløpet til kunstverka: innsamling/produksjon, bruk, handtering, formidling, bevaring og forsking.
- b) KORO skal utarbeide rådgjevande standardar for samlingsarbeid med utgangspunkt i ICOM sitt museumsetiske regelverk. Standardane skal ha overføringsverdi til andre aktørar innanfor fagfeltet kunst i offentlege rom.
- c) KORO skal utarbeide kunnskapsprosjekt og formidlingstiltak som bidreg til refleksjon rundt kva verksemda, fagfeltet og samlinga har å seie både i ein kunsthistorisk samanheng og i eit større samfunnsperspektiv.

## 6. Fagmiljø

KORO representerer eit nasjonalt fagmiljø for kunst i offentlege rom som ikkje finst ved andre verksemder eller i andre kunstinstitusjonar. Dei tilsette har spissa kompetanse innanfor fagfelta sine, verdifull systemkunnskap og omfattande erfaring frå komplekse kunstproduksjonar. For å bevare posisjonen som synleg pådrivar for fagleg nytenking og vidareutvikling på feltet er det avgjerande at KORO klarer å halde på denne kompetansen. Sentrale stikkord er faglege utviklingsmoglegheiter, gode arbeidsvilkår og eit godt og stimulerande arbeidsmiljø.

- a) KORO skal leggje til rette for individuell kompetanseutvikling for alle tilsette. Leiarar skal i dialog med den enkelte vurdere behov og moglegheiter for kurs, tid til fagleg fordjuping, innkjøp av litteratur, studiereiser, hospitering og ev. permisjonar for etterutdanning.
- b) KORO skal vere eit sosialt inkluderande og fagleg stimulerande arbeidsfellesskap. Dette inneber open informasjonsflyt og brei eigarskap til aktivitetane til verksemda på tvers av seksjonar og prosjekt. Felles kunnskapsløft innanfor relevante fagområde skal prioriterast for å sikre at KORO er ein fagleg møteplass som alle tilsette kjenner tilhørsle til.
- c) KORO skal ha eit medvite forhold til betydninga av det å vere synleg for både verksemda og den enkelte. Eit utettervendt fagmiljø som er i kontakt med resten av kunstfeltet, er viktig både for organisasjonen samla sett og for framtidig rekruttering.